

Doktor Haugen slik du minnest han 29.

31.12.2014



Rask reaksjon og god hjelp!

Det går mange historier om at dr. Haugen valde å køyre ut i terrenget for å unngå å treffe møtande trafikk. Trygve Haugland var vitne til ei slik hending.

Hendinga skjedde i det tronge smoget ved Pålaturnet rett nedanfor Hauglandskrysset på Døsslandssio. Haugen kom køyrande på ned, og som vanleg hadde han det travelt. I det tronge og litt uoversiktlege partiet møtte han Olav Døssland(Ole Dyss) som var på vei opp dalen med den grå Studebaker`n sin for å levera sildeavfall.

Doktoren reagerte lynkjapt, rongta til side og ut i terrenget medan det knitra i gjerdestreng og anna.
- Hadde han ikkje vore så snartenkt, hadde det enda i ein skikkeleg smell der, fortel Trygve om hendinga.

Arne Terje Haugland fortel om ein annan episode. Han og broren Trygve stod og prata i Hauglandskrysset. Då kom Haugen på ned i vinterbilen sin som han hadde kjettingar på. Det skramla og og ramla som berre det. Han hadde vore i grøfta lengre oppe i dalen. Den eine skjermen var trygt inn mot hjulet slik at dette vart hindra.

Han stoppa og Trygve henta ein jarstaur(eit spett) på låven. Med den bikka han skjermen ut slik at hjulet kunne gå fritt.

- Så enkelt! Takk for hjelpen. Adjø, sa Haugen før han for vidare.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Frå Kvinnhersminne 2003.